

Planstrategi

2024-2027

Vedteken 05.09.2024
i KS-sak 82/24

Innhald

Formål med planstrategi.....	3
Lovgrunnlag.....	3
Overordna føringer	4
Kunnskapsgrunnlag og viktige utviklingstrekk.....	6
Vurdering av planbehov.....	11
Plantabell for kommunestyreperioden	12

Formål med planstrategi

Målet med kommunal planstrategi er å tydeliggjera kva planoppgåver kommunen bør ta initiativ til eller fortsetja for å fremja ynskja utvikling i kommunen. Gjennom godkjenninga av den kommunale planstrategien skal det nye kommunestyret vurdera om kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis, og kva denne revisjonen skal innehalda. I dei politiske debattane om og eventuelt kor mykje kommuneplanen skal reviderast, vil planbehovet kunna avgrensast til spesifikke tema eller satsingsområde.

Arbeidet med kommunal planstrategi vil føra til ei betre og meir systematisk vurdering av kommunen sitt planbehov, slik at kommunen kan møta dei relevante utfordringane på ein betre måte. Ei sentral grunngjeving for innføringa av kommunal planstrategi er at kommunepolitikarane tidleg skal kunne bli kjent med kommuneplanen som eit styringsverktøy, og vurdera om dei ønskjer endringar i dei måla og strategiane som er fastsette i planen.

Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan og er derfor ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar. Det er eit godt verktøy for å drøfta utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon som grunnlag for å vurdera planbehovet i kommunestyreperioden. Ved å definera kommunen sitt planbehov kan ein gjennom tidleg prioritering effektivisera den vidare planprosessen. På denne måten blir planlegginga behovsstyrta og ikkje meir omfattande enn naudsynt.

Lovgrunnlag

Krav om kommunal planstrategi er nedfelt i [plan- og bygningslova § 10-1](#).

Planstrategien skal gje greie for kommunen sine strategiske val knytt til utvikling av kommunesamfunnet. Planstrategien er ikkje ein eigen plantype, men eit hjelpemiddel for kommunen til å fastsetja vidare planarbeid utover dei planane som allereie er vedtekne i den nye kommunen.

Innan eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre, skal kommunen utarbeida og vedta kommunal planstrategi. Planstrategien definerer kva hovudutfordringar samfunnet har i valperioden, og prioriterer planar ut frå dette. I tillegg tek planstrategien stilling til om kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis. Dette er ein prosess som krev utarbeiding av planprogram og brei medverknad. Dersom planstrategien konkluderer med at det skal utarbeidast nye planar, utarbeidast desse i løpet av valperioden. Kunnskapsgrunnlaget for planstrategien består mellom anna av oversikt over folkehelsa i kommunen, samt anna statistikk og fakta om tilstanden i kommunen. Mot slutten av kvart år i valperioden, vert handlingsprogram med økonomiplan vedteke.

[Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\) - Kapittel 10.](#)
[Kommunal planstrategi - Lovdata](#)

Overordna føringer

I tillegg til krava som som plan- og bygningslova stiller, er det ei rekke andre lovverk og nasjonale føringer som må takast omsyn til i arbeidet med planstrategien

FNs berekraftsmål

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremja sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan, mellom anna for å sikre sosial rettferd og god helse og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt. Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftsmåla skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i utfordringane òg i Noreg. Det er difor viktig at berekraftsmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.



Figur 1. FNs berekraftsmål

Nasjonale forventningar

Kvart fjerde år legg regjeringa fram ["Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging"](#). Desse forventningane skal leggjast til grunn i kommunen sitt arbeid med planstrategi for perioden. Sommaren 2023 la regjeringa fram dei siste forventningane. Sentralt i desse står omsynet til berekraft, lokale og regionale styrker og kvalitetar, og utvikling i heile landet.

[Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027 - regjeringen.no](#)

Regionale føringar og planar

Rogaland fylkeskommune si rolle er å leia an i den regionale samfunnsutviklinga. Fylkeskommunen utarbeider mange regionale planar for ulike tema som påverkar det kommunale planarbeidet. Den regionale planstrategien har fylkeskommunen vald å kalla for "[Utviklingsplan for Rogaland](#)". Gjeldande Utviklingsplan for Rogaland vart vedteken hausten 2020 og gjeld til 2024. Planen presenterer fem langsiktige utviklingsmål og innsatsområde:

- klimaomstilling og livskraftig naturmiljø
- konkurransedyktig region
- helsefremjande og inkluderande samfunn
- attraktive lokalsamfunn, byar og tettstader
- føresetnadar for å nå måla

Det føreligg eit utkast til ny utviklingsplan som skal gjelda fram til 2028. Denne planen skal vedtakast hausten 2024.

[Gjeldande planar og strategiar - Rogaland fylkeskommune \(rogfk.no\)](#)

[Utviklingsplan for Rogaland - regional planstrategi 2021–2024 - Rogaland fylkeskommune \(rogfk.no\)](#)

[Utviklingsplan for Rogaland 2025-2028, Regional planstrategi - Rogaland fylkeskommune \(rogfk.no\)](#)

Medverknad

I prosessen med utarbeiding av kommunal planstrategi vart alle dei politiske utvala i kommunen inviterte til å koma med innspel.


Plan- og bygningslova føreset at det blir innhenta synspunkt frå nabokommunane når planstrategien skal utarbeidast. 3. januar 2024 vart det halde eit møte med nabokommunane Gjesdal, Klepp og Time, kor felles utfordringar og arbeidet med planstrategiane var tema.

Eit utkast til planstrategi vert sendt på høyring, og statlege- og regionale organ vil verta inviterte til å koma med innspel til strategien.

Kunnskapsgrunnlag og viktige utviklingstrekk

Planar, strategiar og avgjerder må byggja på eit grundig kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget gir ei oversikt over viktige nøkkeltal og utviklingstrekk for kommunen som kan ha betydning for planbehovet.

I kommunal planstrategi skal det nye kommunestyret ta stilling til korleis Hå-samfunnet skal utviklast vidare. I den nye kommuneplanen vert det vedteke 7 satsingsområde som skal ta omsyn til både sosial, miljømessig og økonomisk berekraft på kort og lang sikt. For å skapa berekraftig utvikling må me jobba på tre område: «Klima og miljø», «Økonomi» og «Sosiale forhold». Det er samanhengen mellom desse tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig (sjå figur 2). FNs berekraftmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, kjempa imot ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. Fordi berekraftmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng, inneber oppfølginga av måla ei heilskapleg tilnærming til framtidig oppgåveløysing på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå.



Figur 2. Forholdet mellom berekraftsdimensjonane og FNs berekraftsmål

Økonomi

"Årsmelding 2023" syner at kommunen sine hovudinntekter hadde ei normal utvikling samanlikna med tidlegare år. Likevel har utviklinga vore høgare enn myndigheitene rekna med. Kommunen fekk høgare inntekter i forhold til budsjett på følgjande område: Rammetilskot og inntektsutjamning 7,2 millionar, skatt 7 millionar, tilskot flyktningar 30 millionar og fødselspengar og sjukerefusjonar 26 millionar. I tillegg kjem eit premieavvik pensjon på 118,5 millionar, noko som utgjer eit avvik mellom budsjett og rekneskap på 44 millionar. Netto driftsresultat viser inntekter minus utgifter. Noko av resultatet må settast av til fond, og ein del til investering som eigenkapital i staden for låneopptak.

Investeringar og lånegjeld

Hå kommune sine brutto investeringsutgifter i 2023 var på 253 millionar kroner, ei auke på 72 millionar kroner samanlikna med 2022. I 2023 er 30,9% av investeringane finansierte ved bruk av lån. Kommunen si ordinære lånegjeld var på 1,136 milliardar kroner ved utgangen av 2023. Reduksjonen frå 2022 er på 4,7 millionar kroner. 115 millionar kroner av netto driftsresultat er brukt som eigenkapital ved investering. Høg grad av eigenfinansiering på investeringar gjer at kommunen ikkje aukar lånegjelda. Måltal for netto lånegjeld målt opp mot driftsinntektene seier at det bør ligge under 60%. Ved utgangen av 2023 var talet på 54,3%.

Utfordringar og moglegheiter

Folketalet i Hå auka med 178 personar i 2023, ein befolkningsvekst på 0,9 %. Det går framleis seint med sal av tomter i Stokkalandsmarka, men me ser auka interesse frå utbyggjarar som me tolkar positivt i tida framover. Det er framleis krig i Europa, og den store flyktingstraumen gir oss utfordringar. Håbuen har strekt seg langt for å gje dei som kjem ein god velkomst. Me ser at det er bustadmarknaden som er den største utfordringa når det gjeld å ta i mot så mange flyktningar. Dette kan gå ut over andre grupper som har det vanskeleg. Talet på heilt arbeidsledige har gått opp frå 1,3 % i 2022 til 1,8 % i 2023. Det er 0,1 % over fylket og 0,1 % under landssnittet. Det er ei vedvarande utfordring å ha nok ledige næringstomter i heile kommunen. Det er mykje spennande som skjer i næringslivet, og det er spennande nye satsingar på gang i åra som kjem. Kommunen skal fortsette å legge til rette og vere ein trygg og god samarbeidspartnar.

[Årsmelding 2023 - Hå kommune \(www.ha.no\)](http://www.ha.no)

Å leva i Hå

Det skal være godt å bu og arbeida i Hå. Alle innbyggjarar skal ha gode bustad- og leveområde, tilrettelagt for samvær og livsutfolding på tvers av alder, økonomi og kultur, slik at helsefremjande forhold som tryggleik, livsmeistring og fysisk aktivitet utviklast. Utvikling av stasjonsbyane og Stokkalandsmarka skal legga til rette for tilhørsle og gode møteplassar for innbyggjarar, frivillige og næringsliv.

Langsiktig arealstrategi

Hå kommune vedtek ny kommuneplan sommaren 2024. Den langsigktige arealstrategien i denne slår mellom anna fast at den langsigktige grensa mellom tettstad og landbruk skal respekterast, og at årleg nedbygging av jordbruks- og naturareal ikkje skal overskrida 30 dekar. Bustadbygging skal skje i Stokkalandsmarka og som fortetting i stasjonsbyane, og tuftast på gode kvalitetar som styrkar bumiljøa og sentrumsområda som aktive møte- kultur- og handelsareal.

Det skal leggast vekt på etablering av grøne område som både kan fungera som rekreasjonsområde for innbyggjarane, habitat for flora og fauna og til dømes fordryging av overvatn. Fritids- og reiseliv skal hovudsakleg skje på Nærland og utanfor kjerneområde for landbruk sør i kommunen. Kommunen skal legga til rette for bruk av offentleg kommunikasjon gjennom utvikling av kompakte og berekraftige sentrumsområde med definerte gang- og sykkelnettverk.

Næringsutvikling i tettstadane gjer det mogleg å kunna bu og arbeida i kvar tettstad, medan næringsklyngene i Kviamarka og Sirevåg bidreg til innovasjon og rekruttering. Råstoffutvinning er naudsynt for samfunnet, men er ofte konfliktfylt. Arealstrategien peikar på Aniksdal som eigna for slik verksemd.

Befolkningsvekst

Hå kommune utarbeidar eigne prognosar basert på SSB sine framskrivingar for heile kommunen og KOMPAS modellen for å fordela folke- og barnetal på dei ulike krinsane. Framskrivinga bygger på ein føresetnad om at befolkningsveksten blir geografisk fordelt ut frå kommuneplanen sitt bustadbyggeprogram på 120 bustadar i året. I det nye kommuneplanforslaget vert det teke utgangspunkt i ei befolkningsutvikling i tråd med Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt hovudalternativ (MMMM) for framskriving av folkemengd på kommunenivå. SSB oppdaterer og omstrukturerer sine framskrivingar anna kvart år.

Siste framskrivinga (juni 2022) viser no at folketalet vil auka frå 19 649 den 1. januar 2023 til 19 898 ved utgangen av 2027. Det utgjer ein folkevekst på 249 innbyggjarar. Folkeveksten utgjer ein gjennomsnittleg vekst på om lag 50 innbyggjarar i året. Det vil verta utarbeidd ny framskriving hausten 2024.

Samarbeid og frivilligheit

For å kunna oppfylla krav om lovpålagte tenester, no og i framtida, er me nøydde til å jobba på tvers av tenesteområda, og samarbeida med andre offentlege verksemder, forskingsmiljø, innbyggjarar, lag, foreiningar og næringsliv. Med fleire eldre som bur i eigen heim vil behovet for å motverka einsemd og skapa meir aktivitet auka. Frivillig innsats vert difor ein stadig viktigare del av det kommunale tenestetilbodet, spesielt innanfor aktivering av eldre og funksjonshemma. Hå kommune har mange lag og foreiningar som driv eit samfunnsnyttig arbeid som fremjar trivsel og verkar førebyggande. Dei gode barne- og ungdomstilboda i det frivillige organisasjonslivet er viktige bidragsytarar til gode bu- og levekår.

Samfunnstryggleik og beredskap

Arbeid med beredskap blir stadig viktigare. Klimaendringar, situasjonen med krig i Europa, arbeid for å sikre forsyningar og infrastruktur, samt erfaringane frå pandemien, gjer at dette må vere høgt på dagsorden. På nyåret 2023 vart det utarbeidd heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) for Hå kommune. Kommunen skal alltid ha ein oppdatert beredskapsplan basert på denne. Heilskapleg ROS skal reviderast minst kvart fjerde år, og må reviderast i løpet av perioden.

Sysselsetting

Høg sysselsetting gir samfunnet økonomisk framgang og stabilitet, samstundes som det fremjar inkludering og motverkar fattigdom og ulikskap. I tillegg til inntekt, kan det å ha eit arbeid å gå til, òg gi enkeltmenneske ei kjensle av meinings og opna dører for personleg vekst og utvikling. I løpet av 2023 steig talet på heilt ledige i Hå til 1,8%, noko som er 0,5 %-poeng opp frå 1,3% i desember 2022. Dette er høgare enn snittet i fylket som var på 1,7%, men lågare enn landsgjennomsnittet som er på 1,9%.

Næringsliv

Hå kommune har om lag 8000 arbeidsplassar. Om lag halvparten av dei som bur i Hå kommune og er i arbeid, pendlar ut av kommunen for å jobba. Andelen personar som pendlar inn i kommunen utgjer om lag 30 prosent. Dette syner ei sterkt koppling mellom arbeidsmarknaden i Hå kommune og nabokommunane. Pendlinga fører til betydeleg transport kvar dag, og eit godt organisert og effektivt kollektivtilbod er avgjerande for å oppmuntra fleire til å nytta seg av kollektivtransport.

Nylege trendar viser vekst i talet på industribedrifter, og auke i talet på bedrifter relatert til oljeindustrien, bygg og anlegg, og servicenæringa.

Kommunen ynskjer å tilby attraktivt næringsareal i Kviamarka, Vigrestad/Stokkalandsmarka og sør i kommunen for å avlasta presset på jorda i kjerneområdet for landbruk rundt tettstadene. Likevel er det naudsint å ha noko areal tilgjengeleg i Nærø og på Varhaug for å dekka bedriftene sine behov for lokalisering nær dei største tettstadene, både med omsyn på transport og aukande folketal.

Folkehelse

«Helse i alt vi gjør» er essensen i folkehelselova. Det inneber at communal planlegging skal ha eit tydeleg helseperspektiv. Målet med folkehelsearbeidet er å redusera sosial ulikskap i helse, og sikra gode levekår for innbyggjarar i alle aldrar. Folkehelsearbeid er å skapa gode oppvekstvilkår for barn og unge, legga til rette for sunne lelevanar, fremja fellesskap, tryggleik, inkludering og deltaking. Det handlar om å førebygga skadar, og beskytta mot helsetruslar. "[Folkehelseoversikt 2024-2027](#)" presenterer informasjon om folkehelsetilstanden i Hå, gje oversikt over dei viktigaste utfordringane og skal gje grunnlag til andre kommunale plandokument. Under er hovudtrekka frå folkehelseoversikta for Hå kommune 2024-2027.

Befolkingssamansettning

Det vil bli fleire eldre som treng tenester, færre barn og unge som treng barnehage og skule, færre i yrkesaktiv alder. Hå har mindre forskjell i helse mellom ulike grupper av innbyggere enn landsgjennomsnittet. Det er viktig å ha merksemd på endringer i samansetning for å forebyggja forskjeller. Innbyggere som over tid bur åleine har for eksempel større forekomst av helseutfordringar.

Oppvekst og levekår

Sjukefråværet i Hå ligg rett over snittet for Rogaland, men under landssnittet. Uføregrad er lik som landssnittet, men litt høyare enn snittet for Rogaland. Arbeidsløysa er låg men har stige litt i 2023. I Hå er ein mindre andel av husstandane definert som låginntektshushald men dette er og stigande. Hå har lågare utdanningsnivå, men mindre sprik i levealder mellom utdanningsnivåa. Fleire gjennomfører vidaregåande opplæring enn tidlegare. Grunnskulepoenga for Hå kommune er signifikanlt lågare enn Rogaland og landet som heilskap. Det har derimot vore ei tydeleg stigande kurve over dei siste åra.

Helserelatert åtferd og helsetilstand

Hå skil seg negativt ut når det kjem til overvekt og fedme målt på sesjon. Denne trenden startar i 2-4 års alderen. Gravide i Hå røyker meir enn gravide elles i landet. Ungdom i Hå har i mindre grad prøvd alkohol og andre rusmiddel.

Når det gjeld forventa levealder og helseskilnadar mellom grupper skil Hå seg positivt ut i høve landet elles. Hå scorar høyare på muskel og skjelettplager for alle aldersgrupper enn landet elles. For hjarte-/karsjukdommar er det litt høyare førekomst av sjukehusinnlegging og tidleg død for begge kjønn enn for landsgjennomsnittet.

[Folkehelseoversikt - Hå kommune \(www.ha.no\)](http://Folkehelseoversikt - Hå kommune (www.ha.no))

Klima og miljø

Tilpassing til klimaendring

Klimatilpassing er samanvevd med fleire av kommunen sine ansvarsområde, og Hå kommune må ta sin del av ansvaret for at samfunnet tilpassar seg klimaendringar. Område som vert bygde ut må ta omsyn til endra klimatiske høve. Eit villare og våtare klima gjer at utfordingane knytt til ekstremvêr vert større. Fortetting i stasjonsbyane kan få følger for kor godt eit område tar imot nedbør. Vatn- og avløpshandtering må kunna handtere dei normale nedbørsmengdane i samsvar med vedtekne retningslinjer for dimensjonering.

Klimagassutslepp

Data i klimagassrekneskapen er henta frå Miljødirektoratet sin klimagassrekneskap for kommunar. Rekneskapen omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanfor den geografiske grensa til kommunen. Dette betyr at klimagassutsleppa frå eksosrøyret til ein dieselbil vil vera inkluderte under sektor vegtrafikk, men berre

utsleppa som skjer medan bilen kører innanfor den geografiske grensa til kommunen. Klimagassrekneskapen for 2022, som vart publisert i samband med framlegginga av "[Årsmelding 2023](#)" for Hå kommune, viser ein nedgang i utslepp på om lag 0,3 prosent i høve 2021. Trenden over dei åtte siste åra er synkande. Nesten 53 prosent av utsleppa i Hå kommune kjem frå jordbruket. Sjøfart er nest største kjelda til utslepp, og står for om lag 13 prosent av utsleppa. Industri og vegtrafikk bidreg òg til betydelege utslepp. Hå kommune må handla på dei områda kor påverkningskrafta og potensialet for gevinst er størst.

Vurdering av planbehov

Kommuneplan

I tillegg til å prioritere kva planar som skal utarbeidast i valperioden, er planstrategien sin viktigaste oppgåve å vurdera og bestemma om heile eller delar av kommuneplanen skal reviderast. Den gjeldande kommuneplanen for Hå blei vedteken i desember 2014. I planstrategien for 2020-2023 vart det vedteke at kommuneplanen skulle reviderast i perioden. Planen vart vedteken sommaren 2024 i [kommunestyresak 065/24](#).

Samfunnsdel

Det nye kommuneplanutkastet presenterer sju satsingsområde for Hå kommune basert på FN sine berekraftsmål. Gjennom satsingsområda seier me korleis me vil ha det i Hå. I tillegg seier planen noko om kommuneøkonomien og kommunen som arbeidsgivar.

- Hovudmåla seier kva som er viktig å prioritera i utviklinga av Hå-samfunnet fram mot 2036.
- Delmåla skal bidra til at me når hovudmåla.
- Strategiane viser kva me vil gjera for å nå delmåla.

Kommunen sine evner til å løysa oppgåver i samspele med lokalsamfunnet, nabokommunar og myndigheter er ein viktig del av ei berekraftig utvikling for Hå-samfunnet.

Arealdel

Den langsiktige arealstrategien i både gjeldande og forslaget til ny kommuneplan legg vekt på at ein vesentleg del av bustadbygginga skal skje ved fortetting og transformasjon av eksisterande industriareal og bustadområde innanfor tettstadane. Trass vesentleg lågare folkevekst og redusert bustadbygging det siste tiåret er det ikkje føreteke større endringar med tanke på utbyggingsareal. Ei lågare vekstrate vil medføra at tilgjengelig utbyggingsareal vil vara lengre fram i tid. For stasjonsbyane, Nærø, Varhaug og Vigrestad vil utbygging i større og større grad skje i form av fortettingsprosjekt. Kommunedelplanane for sentrumsområda i dei største

tettstadane gir kommunen gode styringsreiskap. Eit strengt jordvern bidreg til å realisera sentrumsplanane gjennom behovet for meir fortetting i sentrumsområda.

Formannskapet vedtok 30. januar 2024 i [sak 07/24](#) at behovet for revidering av kommuneplanens arealdel skal vurderast etter at den nye planen er vedteken. Tidlegare vedtak om rullering av arealdelen samstundes med utarbeiding av planstrategien vert difor sett bort frå.

Andre planar

Forslag til prioritering og status på andre planar står i tabellane under.

Plantabell for kommunestyreperioden

Nye planar

Plan	Type
Områdeplan for Nærø gamle sentrum	Områderegulering
Detaljregulering Næringsområdet langs fv. 44 Skoga nord	Detaljregulering
Detaljregulering Varhaug sentrum (delområde 1A og 1B)	Detaljregulering
Detaljregulering Haugstadvegen parsell	Detaljregulering
Stokkalandsvegen, fv. 133 Fuglestadvegen	
Detaljregulering Ny fv. 133 nord for Brusand parsell	Detaljregulering
Stokkalandsvegen - Haugstadvegen	
Detaljregulering Ny fv. 133 nord for Brusand parsell	Detaljregulering
Haugstadvegen - Fv. 133, Fuglestadvegen	
Detaljregulering Næringsområde ved pytten	Detaljregulering
Plan for turnett i Hå kommune	Temaplan
Plan for helsebygg	Handlingsplan
Kvalitetsplan for psykisk helse og rusvern	Temaplan
Handlingsplan for velferd	Temaplan
Oppvekstplan	Temaplan

Planar under arbeid

Plan	Type
Kommunedelplan for Vigrestad sentrum	Kommunedelplan
Kommunedelplan for dobbeltspor Sandnes - Nærø	Kommunedelplan
Områdeplan for Stokkalandsmarka sentrum	Områdeplan
Områdeplan Nærø nord-vest (området rundt Tryggheim)	Områdeplan
Områdeplan for Grødal land næringsområde	Områdeplan
Områdepasjon for Kviamarka næringsområde	Områdepasjon
Områderegulering Vigrestad skule	Områderegulering
Detaljregulering for Krusemarka øst	Detaljregulering
Folkehelseplan for Hå 2019-2023	Temaplan
Plan for frivillig arbeid 2018-2022	Temaplan
Plan for forebygging av omsorgssvikt og utvikling av afferdsvansker	Temaplan
Kulturminnevernplan 2005-2016	Temaplan

Planar som reviderast

Plan	Type
Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023	Økonomiplan
Overordnet beredskapsplan for Hå kommune	Overordna
Helheltlig ROS	Overordna
Digitalisering av flere eldre reguleringsplaner med håndtegnete plankart	Område-/detaljregulering
Kvalitetsplan for barnehage 2018-2021	Temaplan
Kvalitetsplan for skulane 2017-2020	Temaplan
Trafikksikkerhetsplan	Temaplan
Trafikksikkerhetsplan - handlingsdel	Handlingsplan
Skolebruksplan 2019-2022	Handlingsplan
Barnehagebruksplan 2019-2022	Handlingsplan
Handlingsplan, Kulturygg 2020-2023	Handlingsplan
Handlingsplan, Ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2020-2023	Handlingsplan

Planar utan behov for revidering

Plan	Type
Kommuneplanens samfunnsdel	Kommuneplan
Kommuneplanens arealdel	Kommuneplan
Kommunedelplan for Nærø sentrum	Kommunedelplan
Kommunedelpan for Varhaug sentrum	Kommunedelplan
Kommunedelplan for landbruk	Kommunedelplan
Kommunedelplan Kvassheim - Sirevåg	Kommunedelplan
Kommunedelplan Sirevåg - Eigersund	Kommunedelplan
Plan mot vold i nære relasjoner	Temaplan
Plan for Friskliv og mestring	Temaplan
Kvalitetsplan omsorg	Temaplan
Plan for helsetjenesten	Temaplan

Planar som utgår

Plan	Type
Klima og energiplan for Hå kommune	Temaplan
Plan for turnett i Hå kommune	Temaplan
Hovedplan for vei	Temaplan
Brannordning for Hå kommune	Temaplan
Psykiatriplan	Temaplan
Rusvernplan	Temaplan
Boligsosial handlingsplan 2013-2017	Temaplan
Omsorgsplan 2015-2019	Temaplan
Eldreplan	Temaplan
Plan for ressurskrevende brukere	Temaplan
Plan for medisinsk rehabilitering	Temaplan
Plan mot barnefattigdom	Temaplan
Plan for helsestasjonstjenestene 2012-2016	Temaplan
Plan for helse- og sosialbygg 2019-2022	Temaplan
Plan for psykososiale tiltak 2017-2020	Temaplan
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2013-2017	Handlingsplan
Plan for helsemessig og sosial beredskap	Temaplan
Smittevernplan 2018-2022	Temaplan
Kommunedelplan for anlegg og område for idrett, friluftsliv og kulturbrygg 2004-2012	Temaplan
PlanID 1092 Områderegulering for Friestad vindpark	